

## GLADE JOL

Glade jol, heilage jol!  
Englar kjem frå Guds kongestol.  
Blomar ber dei frå paradis,  
Fint og fagert dei syng Guds pris.  
.:Løyleg ikring oss dei gjeng.::

Jolebod, gledeleg bod.  
Tonar til oss med himmelljod,  
Song av englar som hyrdingar såg.  
Den gong Jesus i krubba låg.  
.:Songen av englar er sæl.::

Fred på jord, frygd på jord!  
Jesusbarnet det er vår bror.  
Englar syng om hans herlegdom,  
Han har reidt oss i himmelen rom.  
.:Songen av englar er sæl.::

Sæle fred, himmelsk fred.  
Jolekvelden til jord kom ned.  
Englar syng om den fred dei såg,  
Syng om han som i krubba låg.  
.:Gled deg kvar sjel han har frelst.::



Illustrasjonsfoto: KPK



## Les i dette nummeret!

På side 3 finn du julehelsing frå Frode Kvamsøe og stoff om nytt Alpha-kurs.

Bilete av 50- og 60-års konfirmantar kan du sjå side 4-6.

Ei annleis jul - juleandakt av Jens-Petter Johnsen side 7.

Trygve Hvidsten har skrive om juleminne på side 8.

Side 9 kan du lesa om Dale Bedehus.

På side 10 finn du stoff om avskjeden med Julia Harbredht, nye organistar og om bispevisitasen.

Søndagsskulens Dag kan du lesa om side 11. På same side er det også litt om Reidun Skurtveit si møtehelg i Bergsdalen.

Resultata frå dei ymse soknerådsvala i Vaksdal prestegjeld finn du på side 12.

Barnestoff er å finna side 14.

**STOFF TIL NESTE NR.**

må vera kome redaktøren i hende innan 21 januar 1998 . Bladet kjem ut i veke 8 som byrjar med 16. februar.

Ragnvald

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale. Avtal helst på førehand. Prestane har teieplikt.

**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3  
5280 Dalekvam  
Tlf. 56 59 61 20

**Kontortid: Tysdag, onsdag og torsdag kl. 09.00-13.30**

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 61 20  
Tlf. privat 56 59 73 15

**Kapellan Bård-Egil Dyrhøl**

Tlf. kontor og privat 56 59 70 88  
Mobiltilf. 94 55 12 87

**Kyrkjeverje Svein Tøsse,**

Heradshuset 4. etasje  
Tlf. kontor 56 59 60 20  
Mobiltilf. 94 55 12 86

**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal  
Bladpengar: kr. 100,-  
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.  
Postgiro: 0808 57 23 4 73  
Bankgiro: 3500.50.13 117  
Bladstyarar:  
Ragnvald Kringlebotten,  
5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.  
Kasserar:  
Asle Georg Karlsen, Boge,  
5270 Vaksdal, Tlf. 56 59 72 32.  
Eksp. og trykk:  
Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.  
Retur til Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese.

## LEIAR: Tar du deg tid?

Tida for julefeiringa nærmar seg, og med det også ei travel tid. Men er det eigentleg det jula skulle vera. Jula, minne om at verda sin frelsar kom til jord, burde få oss til å tenkja etter. Korleis er det med prioriteringane våre. Vert me så opptekne med ramma rundt jula at det som skulle vera hovudbodskapen kjem heilt i bakleksa.

Tid er visst noko me får mindre og mindre av endå så mange hjelpemiddel me har. Jula burde også vera tid for ettertanke. Kanskje me skulle ta oss meir tid til å ta oss av kvarandre, så får det heller våga seg om ikkje alle sju sortane vert ferdige.

Nett i jula er det mange einslege som merkar einsemda meir enn nokon gong. Eg trur dei ville setja pris på at me tok oss tid til ein tur innom. Det treng ikkje vera så mykje, men at dei ser at dei ikkje er gløymd.

**I Håvamål står det:**


"Veit du ein ven  
som vel du trur,  
og du hjå han fagnad vil få;  
gjev han heile din hug  
og gåva ei spar,  
far og finn han ofte".

Til sist vil eg ynskja alle lesarane av Kyrkjebladet ei god og velsigna jule- og nyttårshelg.

**Ragnvald Kringlebotten**

## UTGJEVINGAR 1998

Veke 8 Fastenummer, feb.  
Veke 14 Påskenummer, april  
Veke 22 Pinsenummer, mai  
Veke 27 Sommarnr., juni  
Veke 36 Haustnr., sept.  
Veke 42 Haustnr. okt.  
Veke 50 Julenummer, des.



## KYRKJESTADEN DALE 100 ÅR Jubileumsskrift

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og i fargar og er til sal for:

kr. 150,-

hjá Petersen & Yps<sup>o</sup>y  
og på Kyrkjekontoret.

Boka kan tingast frå  
Kyrkjekontoret, Boks 113,  
5280 Dalekvam.  
Tlf. 56 59 61 20





## Julegåver

### Er det nokre snille barn her?

Dette er det klassiske spørsmålet frå julenissen, når han kjem med sekken full av presangar. Fordi det er berre dei borna som har vore snille det siste året, som fortener ei pakke. Pakka er meint som premien for god innsats i året som var, og ikkje som ei gåve gjeven i godleik. Når borna svarar sjølve, er svaret "ja", sjølv om dei godt hugsar ein og annan gong dei ikkje var snille. Så det vert vel pakke på alle saman. Sjølv om det er far eller onkel som er inne i nissekostymet, og dei veit godt om borna har vore snille eller ikkje, får alle pakkar med sitt namn på.

### Er det eit barn her?

Hyrdingane spør i undring og spenning, der dei stikk hovuda inn i stallen. Bak seg hadde dei ei oppleving av dei heilt sjeldne: Ein bråte med englar hadde uroa nattefreden deira, og fortalt dei noko som fylte dei med glede og undring, kan hende ei kjensle av noko av heilag. Dei drog inn til byen, slik englane sa, og leita seg fram til rette staden. Der fann dei barnet, saman med mora, faren og dyra i stallen. Dette var ein heilagt augneblink for dei, dei fekk sjå med eigne auge den Gåva som Gud i fleire generasjonar hadde lova å senda dei:

Messias, Redningsmannen

### Er det nokre barn her?

Javisst. Vi er alle barn av nokon. Men mange av oss har vakse opp, vi er ikkje lenger barn. Sjølv om vi inne i oss framleis kan vere barnslege, freistar vi å halde det skjult. Vi er då vaksne! Og vaksne tenkjer mellom anna slik: *Eg kan ikkje ta i mot dette, eg fortener det ikkje. Eller: Eg vil ikkje ha den gåva, eg likar ho ikkje!*

### Er det nokon som vil ha ei gåve her?

Tenk om vi kunne glede oss over julegåvene slik vi gjorde det då vi var små! Tenk om vi og kunne ta imot Julegåva med den same gleda.

### ... alle som tok imot han, gav han rett til å verta

**Guds born, ... (Johannes 1, 12a).**

Lat oss difor ta imot Jesusbarnet som barn; med glede og takk og undring.

Han som bryr seg om oss så mykje at han ville gje seg sjølv til og for oss, og kome til oss og ta del i livet vårt!

### Gledeleg jul helsing Frode Kvamsøe



### ALPHA KURS PÅ DALE

I haust har Dale sokneråd arrangert Alpha-kurs. Det har vore eit informasjonsmøte og 10 kurskveldar. Dei fire fyrste samlingane var i Dalekjellaren og resten i Dale bedehus. Omlag 20 deltakarar og leiarar har vore med. Begge prestane våre har hatt undervisning.

Ein Alpha-kurskveld startar med kveldsmåltid kl.19.00-19.45.

Undervisninga er frå kl.20.00 - 20.45, og frå kl.21.00 - 21.45 er det gruppesamtalar. Gruppene har aldri meir enn 12 deltakarar inkludert leiarane. På kurset på Dale har vi hatt to grupper.

Emna som vert tatt opp i kurset er grunnleggjande sider ved den kristne trua. I gruppene tar ein opp ting ein ynskjer å spørja om eller drøfta med dei andre ut ifrå det som er tema for kvelden.

Laurdag 8.november var dei fleste av kursdeltakarane på ein heildags-samling i Meland saman med dei som er med på Alpha-kurset der. Tema var Den Heilage Ande. Svein Høysæter hadde undervisninga, og Anne Hilde og Arve Reigstad leia lovsongsdelen. Det var gruppesamlingar med samtale og forbøn. Vi som var med, hadde ein verkeleg fin dag.

I siste halvdel av januar vert det starta opp eit nytt kurs, og ein kan då melda seg til Kyrkjekontoret for meir informasjon. Påmelding til kurset bør vera innan 15.januar.

Dersom du er interessert i å få tilsendt meir opplysningar om tidspunkt og tema for kurset, kan du senda inn slippet nedanfor med namn og adresse til:

**Kyrkjekontoret for Vaksdal,  
Postboks 113, 5280 Dalekvam.**

Eg vil gjerne  
få tilsendt meir  
informasjon om  
Alpha-kurs på Dale



NAMN: \_\_\_\_\_

ADRESSE \_\_\_\_\_

TELEFON: \_\_\_\_\_



**Konfirmantane utanfor gamle Dale kyrkje 1947:**

**Sitjande fv.:** Ovidia Verpelstad Stangeland, Ingrid Johnsen Kogstad, Aud Faugstad Mehus, Anna Brekke Pettersen, Kjellaug Taule Knutsen, Ågot Lid Lærheim, Ingrid Marit Rasdal Bystøl, Inger Johanne Langhelle Ringheim, Maria Sigfrid Eik Aldal og Ragnhild Gausemel. **2. r fv.:** Ester Helle Bruvik, Ingrid Fadnes Digranes, Margot Dale Kristiansen, Monrad Rørbakken, Idar Strømme, Magnar Mehus, Arvid Hurlen, Bjarne Låstad, Henry Olsnes, Åge Eliassen, Anders Brekke, Ingebjørg Furnes, Gerd Rødland Fenne, Agnes Grøttå Andersen og pastor Vaksdal. **3. r fv.:** Karl Kristiansen, Erling Rolland, Erling Tysse, Reidar Valestrand, Kåre Stanghelle, Egil Ekanger, Odd Grenasberg og Arnold Lid.

Foto: Fotograf Vik



**50-års konfirmantane samla i Dale kyrkje 28. september 1997**

**1. r fv.:** Ingrid Fadnes Digranes, Ragnhild Gausemel, Kjellaug Taule Knutsen, Gerd Rødland Fenne, Ovidia Verpelstad Stangeland, Anna Brekke Pettersen, Inger Johanne Langhelle Ringheim og Erling Rolland. **2. r fv.:** Aud Faugstad Mehus, Henry Olsnes, Monrad Rørbakken, Odd Grenasberg, Anders Brekke, Reidar Valestrand, Idar Strømme, Magnar Mehus og sp. Frode Kvamsøe.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



**Konfirmantar, (7. klasse ) på Vaksdal 1947**

**1. r. Fv:** Odlaug Ulevik Berg, Erna Stürtzel Tolås, Ellinor Johnsen Thunes, Solveig Knutsen og Margit Herfindal Vaksdal.

**2.r fv.:** Trygve Arvid Jacobsen, Eilif Eide, Arvid Tolås, Anfin Jacobsen, lærar Ola Sande, Ole Johan Hansen, Normann Knutsen, Ragnar Boge og Johannes Nyheim.

Fotograf: Ukjend



**50-års konfirmantar samla i Vaksdal kyrkje 5. oktober 1997**

**1. r fv.:** Eilif Eide, Erna Stürtzel Tolås, Ellinor Johnsen Thunes og Johannes Nyheim.

**2. r fv.:** Ole Johan Hansen, Normann Knutsen og Anfinn Boge.

Foto: Bjørn Knutsen



**60-års konfirmantar samla i Dale kyrkje 28. september 1997**

**1. r fv.:** Jenny Langhelle Kvamme, Edith Sellevold Terjesen, Inger Hesjedal Grøtting, Gunvor Breistein Fadnes, Målfrid Dalseid Vaksdal, Alis Bruvik Matland og sp. Frode Kvamsøe.

Eirik Småbrekke, Petra Takvam Bosåen, Sigrid Tollefsen Mellingen, Klara Dale Vassenden og Knut Rasdal.

Foto: Ragnvald Kringlebotten



**50-års konfirmantar samla i Stamnes bedehus 1997**

**Fv.:** Sigfrid Dyvik Husevik, Arvid Stamnesfet, Karsten Stamnesfet, Karsten Stien, Reidar Vassenden, Hagny Synneve Kulshamar Farestveit, Lilly Haldis Johnsen Nesse og Anlaug Sandal.

Foto: Anne Margrethe Eikefet

# EI ANNLEIS JUL

Juleandakt av generalsekretær Jens-Petter Johnsen, Norges Kristeleg Student- og Skoleungdomslag.

**Johannes 1, 1-14:** "I opphavet var Ordet, og Ordet var hjå Gud, og Ordet var Gud. Han var i opphavet hjå Gud. Alt vart til ved han, og utan han vart ikkje noko til av det som har vorte til. I han var liv, og livet var ljuset for menneska. Og ljuset skin i mørkret, men mørkret tok ikkje imot det.

Det stod fram ein mann, send av Gud; Johannes var namnet hans. Han kom for å vitna; han skulle vitna om ljuset, så alle kunne koma til tru ved han. Det var ikkje han som var ljuset, men han skulle vitna om ljuset.

Det sanne ljuset som lyser for kvart menneske, kom no til verda. Han var i verda, og verda har vorte til ved han, men verda kjende han ikkje. Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje imot han. Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på namnet hans. Dei er ikkje fødde av kjøt og blod, ikkje av menneskevilje og ikkje av manns vilje, men av Gud.

Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss, og vi såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning."

Medan Lukas stiller seg opp som ein pressefotograf på Betlehemsmarka og ser himmelen og englane nedanfrå og fortel om krubbe, stall, esel og barnet som vart fødd, er Johannes filosofisk høgtflygande og ser det heile ovanfrå. Han tek til utanfor tid og stad i vår verd.

Der, i byrjinga, eller før byrjinga, dreg Johannes oss ut forbi vår tenkjeevne. "I opphavet var Ordet, og Ordet var hjå Gud, og Ordet var Gud". Før Gud sa at det skulle bli ljus. Før ljusstraumen stråla ut i verdsrommet. Den gongen då ingenting var, utan Gud sjølv, då var Ordet. Ordet vart tala i skapingsmorgonen. "Han tala, og det skjedde, han baud, og det stod der" (Salme 33,9). Skaparordet, som ber heile meininga for tilværet i seg, og var der før alt. Der, langt utanfor vårt perspektiv, byrjar årets annleis juleevangelium. Det er dette Ordet som kjem til oss julenatt. Ordet vart menneske og tok

bustad mellom oss. Ikkje det skrivne ordet, bokstavane, men eit menneske med kjøt og blod som oss. Ordet tyder jo ikkje berre "alle tings meining" slik det gjer hos filosofane. Ordet tyder alltid all tale og samtale, kontakt og meddeling. At Jesus er Guds Ord, inneber at Han er kontaktskaparen. Han, og ingen annan, er det nye sambandet mellom himmel og jord, mellom Gud og menneske. Gud er komen heilt nær til oss. Til deg! Den fjerne og uforståelege Gud er komen oss heilt nær og har gjort seg forståeleg for oss.

I samtida kunne "Ordet" bety livsprinsippet i tilværet. Johannes brukar det for å få folk til å forstå at Jesus er han som alt liv har vorte til ved og at Han kjem med det nye livet. Men det evige livet. Han er ein levande person som kom til oss med livet frå Gud.

"Alle som tok i mot han, dei gav han rett til å verta Guds born, dei som trur på namnet hans". Vår tru på Gud gjer ikkje noko til eller frå med Gud. Han var, er og blir den same kva vi enn trur. Jesus var og er sann Gud og sant menneske, verdas frelsar, same kva vi trur om han. Vår tru kan heller ikkje få Jesus nær oss, eller nærare oss. Han er nær. Men di og mi tru kan gi oss ei annleis jul. For med den kan vi ta imot Jesus når han kjem og seier: Eg er ikkje ein høgtflygande filosof. Eg er ikkje berre verds-altets meining. Ikkje ein gong berre verdas frelsar. Men eg er din frelsar. Kvar og ein som tar imot Han, får vera Guds barn.

Så langt borte, og nær ved!

Eit annleis juleevangelium og ei annleis jul.



## MINNER

**Klokkene ringer ved Julekveld.  
Ringer for gamle og unge.  
Minnene strømmer i toners veld,  
dempet av malmens tunge.  
Minner fra livets barneår,  
minner fra ungdommens deilige vår,  
lokker og leker som engle.**

Ja, slik opplever me det vel, dei fleste av oss. Di lenger me lever, di meir av minner. Minner frå eigne barneår, - frå år med eigne barn. Er ein heldig får ein og minner frå samvær med barnebarn, og stundom minner frå samvær med oldebarn. Der er og dei som opplever minner frå samvær med tippoldebarn, om det er meir sjeldan.

Her og no vil eg ta fram nokre personlege minner frå samvær med barnebarn, i samband med julefeiringa.

I mange år har me hatt den glede å få kunne få være saman med barn og barnebarn julekvelden. Men me har og nokre barnebarn som bur på austlandet. I barneåra var dei ofte på

gjesting hos mormor og morfar her på Vaksdal.

Eit år den yngste av barnebarna var hos oss,- omlag 2-3 år gamal, tykte han det var svært gildt å være med morfar i "vedbuæ" som me seier her på våre kantar. For å gjere det enklare for vesleguten, sa eg at me skulle gå ned i "vedboden". No er det slik at fleire stader på austlandet blir same staden kalla "skjul" eller "skjulet".

Det nærma seg jul, -det same året. Mor til guten var i arbeid med julebaksten. Vesleguten leika med bilane sine på stovegolvet. Medan han sat der prøvde han seg litt på julesongar. Millom anna prøvde han seg på


"Glade jul, hellige jul, engler daler ned i skjul". Mor hørde etter. Kva var det guten song? Engler daler ned i vedbod. Mor måtte smile. Ho gjekk inn i stova til guten og sa: Det heiter ikkje daler ned i "vedbod", guten min. Det heiter "daler ned i skjul". Ja, men han morfar seier vedbod, og det er det det heiter. "Engler daler ned i vedbod".

Det er godt at ikkje englane er for fine til å være med i "vedboden" og at dei daler ned i skjul. Tida går, og

so er same guten begynt i skulen. Han er komen i andre klasse, og igjen står jula "for døra". Då skuledagen var omme skunda guten seg gjennom skogsvegen for å komme so snart som råd er heim til mor. For denne dagen hadde han høyrte noko på skulen som han måtte fortelje til mor. Komen heim, og på veg opp trappa til stova ropar han. "Mamma,- i dag leste læraren om pappa i Bibelen". Men i all verden, svara mor, kva var det då han leste "Jo han leste om en **RÅDGIVER**,- og det er jo det pappa er, - ikke sant?" Jo det er nok slik, svarte mor. Og no skal me finna kva læraren hadde lest. "Esaia 9,6 står det: For et barn er oss født, en sønn er oss gitt, og herredømmet er på Hans skuldre, og **Han kalles Under, RÅDGIVER, veldig Gud, evig Fader, Fredsfyrste**".

Godt å ha minner med på livsferda. Måtte me alle leve slik at ingen av dei mer er saman med, må bere på vonde minner som me er årsak til.

**Trygve Hvidsten**



I Disse juletider er det nok mange som bakar. Her ser me tre bakarar i bakeriet til Vaksdal koop. Biletet er frå omlag 1937 og viser fv.: Karl Karlsen, Bernhard Trettenes og Peder Nord  
Foto: Ukjend

## Dale Bedehus

I høve at Dale Bedehus endeleg er heilt ferdig har kyrkjebladet teke ein prat med leiar i Dale Indremisjon, Ottar Dalseid.

-Når starta de med å byggja på bedehuset?

-Det tok til i 1987, seier Ottar Dalseid, som legg til at det som i dag er ferdig, er hovudetasjen. Småsalen vart teken i bruk i slutten av oktober 1992.

-Kor vidt og når kjellaren vert gjort ferdig, kan eg ikkje sei sikkert, legg Dalseid til.

## Mål

-Kva mål ser du for bedehuset utanom det å forkynna Guds ord?

-Forkynning av Guds ord vert sjølvsagt det viktigaste, men eg ser også for meg at bedehuset kan verta nytta til almennyttige føremål, ved at lag og organisasjonar leiger huset. At huset ser ut til å vera populært ser me av at det er tinga for fleire år framover når det gjeld mellom anna konfrimasjonar.

Eg kan også nemna at ein barn- og mødreklubb leiger huset.

## Glede

-De er vel glade nå når det heile er vel i hamn?

-Ja, det er heilt sikkert, og noko av det mest gledelege er at me er gjeldfrie. Me har klart å reisa huset utan offentleg støtte. Det som har gjort dette mogeleg er gode basarinntekter, testamentariske gåver og andre gåver, seier Dalseid.

Det første som bedehuset vart nytta til offisielt var basaren som vart avslutta laurdag 8. November 1997. På den basaren hadde me vitjing av den utvandra dalebuen, John Ove Taule, som hadde andakt. Han tok

utgangspunkt i glasmåleriet i bedehuset, som er om Jesus og lammet, og hadde ein tankevekkjande andakt ut frå det.

## Innviing

Ottar Dalseid fortel at dei legg opp til at det skal vera innviing av bedehuset på nyåret. Då vonar dei å få med folk både frå DVI og Nordhordland Indremisjon. Det vil då verta skipa til ymse arrangement for å markera at bedehuset er ferdig, fortel Dalseid, som også legg til at dei er svurt glade for den støtte dei har fått frå Dalefolk, både med økonomisk støtte og på andre måtar. Det syner at folk flest på Dale set pris på huset, avsluttar Dalseid.

R.K.



Frå basaren 1992  
Arkivfoto: Ragnvald Kringlebotten



Nelly Andersen tv. Sel lodd til Margit Langhelle, i midten og Hanna Hesjedal på basaren 1997.

Foto: Ragnvald Kringlebotten


## Avskil med Julia

5. oktober var Julia Harbrecht sin siste dag som organist, men den 21. September tok kyrkjelyden offisielt avskil etter gudstenesta. Det var overrekkjing av gåve. Av kyrkjelyden fekk Julia ein Dalegenser av aller beste sort. Julia hadde med seg Åsane Korskule som deltok under gudstenesta.

På kyrkjekaffien blei Julia testa i norsk kunnskapen av kapellan Dyrhol. Ho skulle fortelja eventyret om dei tre bukkane bruse. Samstundes skulle Julia hugsa på å sitja når Bård Egil stod, og ta av seg hatten medan Båre Egil hadde den på. Ikkje rart ho ser tankefullt i taket (biletet). Ho klarte seg fint.

Julia fekk takk for alle konsertane ho skipa til, og andre fine samlingar med song og musikk. Ho fekk også ynskje om Guds signing over komande oppgåver.

Tekst/foto: Bjørn Knutsen



## NYE ORGAISTAR



Ekteparet Tone Synnøve og Olav Arne Steinkopf tek til som organistar i Vaksdal prestegjeld på nyåret. Han skal ta til i januar, medan ho har permisjon til juni.

I første omgang vil dei busetja seg på Stanghelle. Dei har to barn, Ingrid (2 år) og Sigurd som vart fødd hausten 1997. Han skal spela ved si første gudsteneste 18. Januar, då først på Vaksdal kl. 11 og same dag kl. 18 på Stamnes.

Etter kvart som han spelar i dei ymse kyrkjene vil ha verta ønskt velkomen av sokneråda rundt i Vaksdal.

Dei er nå organistar ved kvar si kyrkje i Oslo. *Privat foto*



## BISPE-VISITAS

I dagane 3. - 8. mars neste år kjem biskop Ole D. Hagesæther på visitas til Vaksdal prestegjeld. Dette er ein dag tidlegare enn meldt før.

Biskopen vert med på fleire gudstenester og skal ha møte med mellom anna tilsette og frivillige i kyrkjeleg arbeid.

Me kjem attende med meir informasjon om visitasen i første nummeret av kyrkjebladet i 1998, som kjem ut før fastelavnsøndag.



Foto: Fotograf Løtvedt

## Søndagsskulens Dag

Søndag 7. September vart Søndagsskulens dag skipa til på Stanghelle Bedehus. Folk frå mange stadar i Vaksdal kommune møtte opp.

Først var det familiegudsteneste med Frode Kvamsøe.

Etter gudstenesta tok me maten fram og kosa oss før me tok turen utandørs for å leika oss i lag.

Dagen vart så avslutta med ei

songstund der kjende og kjære søndagsskulesongar vart sungne.

Biletet under syner nokre som er i full gang med "slå på ringen".

På biletet til høgre ser me Per Småbrekke som med bind for augo skule kjøra trillebor med ein person oppi. Passasjeren skule sei kvar dei skule kjøra og det ser uttil å byrja bra. Korleis enden vart seier biletet ingen ting om.

Tekst: R.K.

Foto: Lise-Lotte Småbrekke



## Møtehelg

Reidun Skurtveit (biletet tv.) frå Nordhordland Indremisjon hadde møtehelg i Bergsdalen 24. - 26. oktober. Ho er godt kjend i Vaksdal Prestegjeld frå den tid ho var barne- og ungdomsarbeidar her.

Laurdag var det familiemøte og søndag var det familiegudsteneste i Bergsdalen kyrkje. Under gudstenesta deltok barnekoret "Regnbuen" med flott song.

Reidun Skurtveit heldt preike for dagen om den rike bonden som berre var opptatt av å samla seg jordisk rikdom, og gløymde at det er rikare å vera rik i Gud.

Dei over 70 frammøtte hadde ei fin stund saman i kyrkja. Men for kyrkemusa gjekk det verre, ho måtte bøta med livet midt under gudstenesta.

Foto: Lise-Lotte Småbrekke





Nedanfor finn de dei som er valde inn i dei ymse sokneråda. Tala viser kor mange som røysta og talet i parantes kor mange av desse som hadde førehandsrøysta.

### DALE - 30 (2)

Ingrid Leiren  
Ingebjørg Dale  
Oddveig Straume  
Ståle Hol  
Ole Kristian Risnes  
Kari Hegge

#### Vara:

Manfred Marx  
Ragnvald Kringlebotten  
Eli Bjørg Leiren  
Elsbeth Rønhovde  
Johnny Laksy

### VAKSDAL - 45 (3)

Grete Loftheim Dale  
Sollaug Boge  
Tove Margrethe Nordmark  
Odd Arild Faugstad  
Helge Gullbrå  
Martha Bjørsvik

#### Vara:

Bjørn Knutsen  
Sølvi Irene Hovlandsdal  
Karin Faugstad Mjelde  
Elisabeth Dyrhol  
Kjell Anfinn Nysted

### STAMNES - 51 (9)

Eidrun Straume Normann  
Ove Magne Straume  
Kirsten Gullbrå  
Trond Hagen  
Frode O. Kallestad Dyvik  
Anny Bjordam Leiren

#### Vara:

Margot Leiren Hesjedal  
Kjell Dyvik  
Bjøg Berge  
Per Kulshamar  
Håkon Jakobsen

### EKSINGEDALEN - 27 (17)

Asbjørn Lavik  
Geir Ove Carlsen  
Haldis Fjellanger  
Rune Lavik

#### Vara:

Britt Nese  
Thor Andersen  
Vigdis K. Høvik  
Björg Furevikstrand  
Karin Flatekval

### BERGSDALEN - 19 (0)

Lise-Lotte Småbrekke  
Roald Brekke  
Asbjørn Berge  
Ragna Lid

#### Vara:

Jan Haldor Hatlestad  
Kari Grimsmø Berge  
Margunn Fosse  
Helge Terje Fosse  
Kåre Egenberg

### NESHEIM - 17 (1)

Magnar Nese  
Albert Gullbrå  
Anne Synnøve Nesheim  
Marit Fjellanger

#### Vara:

Nils Gullbrå  
Lilly Nese  
Svein Trefall  
Arne Nesheim  
Hallvard Gullbrå

## Ny i soknerådet

Kyrkjebladet har spurt to av dei nye i sokneråda, Kari Hegge, Dale og Ove Magne Straume, Stamnes om kva tankar dei har rundt det å vera medlem i soknerådet.

**Kari Hegge:** -For det første vil eg sei at eg ser på det som ei ære å verta spurt, seier Kari Hegge. Noko av det eg ser som viktig er å kunna vera med å ta vare på det sosiale med mellom anna kyrkjekaffi. Elles ser eg det som viktig å støtta opp om det kristne barne- og ungdomsarbeidet. Eg ser i alle fall fram til å lære soknerådet sitt arbeid betre å kjenna, og gler meg til å ta fatt.

**Ove Magne Straume:** -Noko eg syns er viktig er at soknerådet kan vera med og synleggjera kyrkja slik at kvar og ein av dei som soknar til kyrkja kan finna sin plass i den heilskapen ein kyrkjelyd skal vera. -Eg vil også trekkja fram at det er viktig at soknerådet er med og gjer sitt til at arbeidet mellom barn og unge økonomisk og på andre måtar kan få den hjelp det treng og på den måten vera ein positiv faktor i lokalmiljøet.



På biletet ser me Lise-Lotte Småbrekke som stemmer ved soknerådsvalet i Bergsdalen.  
Foto: Frode Kvamsøe





Når dei nye sokneråda tek til ved nyttår, vert det ein god del utskiftingar i dei 6 sokneråda i Vaksdal prestegjeld. I desse fire åra har meir enn 60 personar vore medlem eller varamedlem i eit sokneråd. Me rettar stor takk til alle for fin innsats.

På bilete er dei fleste faste medlemene i dei 6 sokneråda samla til eit felles møte hausten 1995.

Foto: Frode Kvamsøe.

## VELKOMEN I VÅRE TO NYE BUTIKKAR

Me har leiker og kontormøblar og det du elles treng til  
kontoret i «Nye butikken» i andre etasje  
hjá Dale Handelsforening.

TLF. 56 59 79 80

I «Gamle butikken» finn du bøker, glas, steintøy og  
kiosk med tipping.

TLF. 56 59 61 58

**KJØP JULEGÅVENE LOKALT!!**



**PETERSEN & YPSØY A/S**

BOK - PAPIR - KONTOR - FOTO - GÅVER

5280 DALEKVAM

## FRÅ FARNE TIDER

Denne gongen tek me med nokre  
glimt frå desembernummeret i 1957.

### Dale Gamleheim

I dette bladet kan me lesa at Dale Gamleheim feira 25 år i 1957. Gjennom desse 25 åra var det 126 eldre som hadde budd på gamleheimen. Grunnsteinen var nedlagt 17. Oktober 1931 og det det var biskop Andreas Fleischer som vigsla gamleheimen 17. desember 1932. Det var Dale sokn som bygde heimen men den vart så seinare overteken av Bruvik herad og så Vaksdal kommune. Styrarinne i 1957 var Olivia Brandsøy.

### Martin Tranmæl

Ved 50-års jubileet til Dale tekstilarbeidarforening hadde ei Bergensavis eit intervju med Karl Hesjedal som fortalde nokre anekdoter frå fagforeinings-arbeidet mellom anna om ein gong, visstnok i 1918, at Martin Tranmæl hadde føredrag på Dale. Folk flest kjende Tranmæl som ein radikal person. Då dei skulle eta etter møtet var det ein person som ville slå kloa i ein matbite med ein gong. Men då greip Tanmæl inn: "-Nei vent nå litt. Om vi er radikale så skal vi oppføra oss skikkeleg., og så sette han seg til å lesa for maten.

Mange år seinare nemnde Hesjedal dette for Tranmæl som svara slik: "- Ja, eg minnest det, og eg les framleis for maten, slik mor lærde meg".

# BARNESTOFF

## FYLL UT

Nedanfor finn du nokre utfyllingsoppgåver frå Bibelen. Dei er laga av Kristin Astrid Berland Øystese (14). Dersom du ikkje kjenner tekstane frå før kan du slå opp i Bibelen. Desse bibelversa er også fine å læra utanåt.

Les i Johannes-evangeliet, det tredje kapitlet, vers 16 og 17 og fyll inn dei orda som manglar.

For så høgt \_\_\_\_\_ Gud \_\_\_\_\_ at han gav \_\_\_\_\_ sin den \_\_\_\_\_ så kvar den som trur på han ikkje skal gå \_\_\_\_\_, men ha \_\_\_\_\_. Gud sende ikkje Son sin til \_\_\_\_\_ for å døma \_\_\_\_\_ men for at \_\_\_\_\_ skulle verta \_\_\_\_\_ ved han.

## JULESPØRSMÅL:

Prøv om du kan finna svara på desse spørsmåla frå Bibelen. Me vil koma med svara i første nummer etter nyttår.

1. Kva tyder IMMANUEL?

Svar: \_\_\_\_\_

2. Kva heitte mora til Jesus?

Svar: \_\_\_\_\_

3. Kvar vart Jesus fødd?

Svar: \_\_\_\_\_

4. Kven song englane for på markene?

Svar: \_\_\_\_\_

5. Kva gav visemennene til Jesus?

Svar: \_\_\_\_\_

## SLEKTERS GANG

### DØYPTE



### DALE

28.09 Håkon Skjetne  
12.10 Tomas Låstad Eide Hesjedal  
26.10 Hanna Birkeland  
26.10 Viljar Birkeland

### STAMNES


07.09 Henrik Hesjedal Kvamme  
07.09 Jon Henning Straume  
19.10 Morten Skjerve

### VAKSDAL

05.10 Magnus Olsnes  
19.10 Ingrid Fjellby Sæterdal  
02.11 Marcus Løtvedt Fossmark  
02.11 Åshild Stanghelle Bruvik

### EKSINGEDALEN

05.10 Ingrid Trefall



### AVLIDNE



### DALE

14.10 Martha Fosse, f.1910  
15.10 Lilly Brudvik, f.1906  
22.10 Malvin Rørbakken, f.1929  
30.10 Judith Hesjedal, f.1909  
30.10 Ingeborg Samuelsen, f.1903  
01.11 John A. Dale, f.1910

### VAKSDAL

09.10 Anna Dorteia Buvik  
Langhelle, f.1910  
15.10 Olav O. Blomdal, f. 1905



**LESESTOFF?**

Me har meir enn du trur  
Me er også kommisjonær for  
Norsk Tipping og Norsk Rikstoto



**PETERSEN & YPSØY A/S**

BOK - PAPIR - KONTOR - FOTO - GÅVER  
5280 Dalekvam Telefon 56 59 61 58

**Trelast og byggevarer**



Tlf. 56 59 66 90 Faks 56 59 68 70  
Dalegarden, 5280 Dalekvam

**ALT I KJØKKENINNREDNING**

**BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE**



56 59 74 72

Mobil: 948 45 074

**ALT I**

**TRYKKSAKER**

**VAKSDAL TRYKK A/S**

Mob.tlf. 946 20 789

Faks 56 59 71 03



**DALE HANDELSFORENING**

avd. Dale 56 59 61 01

Avd. Stamnes 56 59 82 03/56 59 82 02

Avd. Stanghelle 56 59 50 35



Voss Samvirkeleg:

Avd: Vaksdal Senter Tlf. 56 59 75 01

Bygg Mix, Vaksdal Senter Tlf. 56 59 71 10

Avd. Eidsland Tlf. 56 59 56 55

Avd. Eksingedalen Tlf. 56 59 58 20

Me leverer:

\* Kaldtbord \* Snittar \* Pizza

Be om forslag / Pris



5273 Stanghelle

Tlf. 56 59 53 33

56 59 51 02 (ordretelefon)

Nye Dale



**5280 Dalekvam Tlf. 56 59 40 40**

Din lokale leverandør av snitter, kaldtbord,  
middag og pizza til alle anledninger.

**NB! Vær tidlig ute med  
koldtbordbestilling til konfirmasjonen.**

**FONDSSPARING**

- det er vi som har **ODIN**-fonda !



**Velkommen til julehandel på  
ESSOEN**

Sjå også flygeblad i posten.  
Me har godt utval i konfekt,  
sjokolade m.m.



Postboks A, 5280 Dalekvam Tlf. 56 59 66 35

VELKOMEN TIL  
KYRKJE



**Fredag 5.desember**

**GRØSVIK GRENDAHUS**

KL.16.30 Adventmøte. Dyrhol.

**7. desember - 2.søndag i advent**

**DALE KYRKJE kl.11.** Kvamsøe.

Nattverd. Offer til De fire Diakoni-institusjonene.

**EKSINGEDALEN kl.16.** Lysmesse.

Dyrhol. Utdeling av "Barnas

Kyrkjebok" til 4-åringane.

**Fredag 12.desember**

**DALE kl.18.** Lysmesse. Kvamsøe.

**Laurdag 13.desember**

**DALE kl.17.** Julekonsert

**14.desember - 3. søndag i advent**

**VAKSDAL kl.11.** Kvamsøe.

Nattverd. Offer til Radio Vaksdal.

**STAMNES kl.18.** Lysmesse. Dyrhol.

**Fredag 19.desember**

**VAKSDAL kl.19.** Julekonsert

**Laurdag 20.desember**

**BERGSDALEN kl.16.** Lysmesse.

Dyrhol.

**24.desember - Julaften**

**EKSINGEDALEN kl.12.**

Familiegudsteneste. Kvamsøe. Offer til Det Norske Flyktningeråd.

**STAMNES kl.13.30**

Familiegudsteneste. Dyrhol. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**DALE kl.15.** Familiegudsteneste.

Dyrhol. Song av "Regnbogen". Offer til Kirkens Nødhjelp.

**DALE kl.16.** Julaftangudsteneste.

Dyrhol. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Musikk v/Dale Musikkforening.

**VAKSDAL kl.16.**

Familiegudsteneste.

Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp

**EIDSLAND kl.16.** "Vi syng jula

inn".

**25.desember- 1.juledag**

**DALE kl.11.** Høgtidsgudst.

Kvamsøe. Nattverd. Offer til Barne- og ungdoms-arbeidet i kyrkjelyden.

**VAKSDAL kl. 11.**

Høgtidsgudsteneste. Dyrhol.

Nattverd. Offer til Det Norske

Misjonsselskap.

**26.desember - 2.juledag**

**BERGSDALEN kl.11.** Høgtidsgudst.

Kvamsøe. Offer til IKO.

**STAMNES kl.11.**

Høgtidsgudsteneste. Dyrhol. Offer til

Den Norske Sjømanns-misjon.

**28.desember - søndag etter jul.**

**NESHEIM kl.11.** Høgmesse.

Kvamsøe. Nattverd. Offer til Det

Norske Misjonsselskap, Bergen krets.

**31.desember - Nyårsaften**

**DALE kl. 23.15** Kvamsøe.

**STAMNES kl.23.15.** Dyrhol.

**4.januar - Kristi openberringsdag**

**VAKSDAL kl.11.** Dyrhol

**EIDSLAND kl.11.** Kvamsøe.

**11.januar - 1.søndag etter Kristi**

**openberingsdag**

**DALE kl.11.** Kvamsøe.

**BERGSDALEN kl.11.** Dyrhol.

**18. januar - 2.søndag etter Kristi**

**openberringsdag**

**VAKSDAL kl.11.** Dyrhol.

**STAMNES kl.18.** Dyrhol.

**25.januar - 3.søndag etter Kristi**

**openberringsdag**

**DALE kl.11.** Kvamsøe.

**EKSINGEDALEN kl.11.** Dyrhol.

**1.februar - Vingardssøndagen**

**VAKSDAL kl.11.** Kvamsøe.

**NESHEIM kl.11.**

Familiegudsteneste. Dyrhol. Utdeling av "Godt Nytt".

**8.februar - Sámannssøndagen**

**STAMNES kl.11.** Familiegudst.

Kvamsøe. Utdeling av "Godt Nytt".

**DALE kl.17.** Familiegudsteneste.

Kvamsøe. Utdeling av "Godt Nytt".

**15.februar - Kristi forklåringsdag**

**VAKSDAL kl.11.**

Familiegudsteneste. Dyrhol. Utdeling av "Godt Nytt".

**BERGSDALEN kl.11.** Kvamsøe.

**EIDSLAND kl.17.**

Familiegudsteneste. Dyrhol.

**22.februar - Søndag før faste**

**EKSINGEDALEN kl.11.**

Familiegudsteneste. Kvamsøe.

Utdeling av "Godt Nytt".

**DALE kl.17.** Kvamsøe.

**25.februar - Oskeonsdag**

**STANGHELLE BEDEHUS kl.19.**

Fastegudsteneste. Dyrhol.

## Salet av Alpha-materiell eksploderar.

Salet av såkalla Alpha-mate-riell som ei rekkje organisasjonar og kyrkjelydar no brukar som samtalegrunnlag, går over all forventning. Forlagssjef Reidar Skaiaa i Prokla Media opplyser til Kristeleg Pressekontor at dei gang på gang har måtta prenta nye opp- lag. Kursheftet er no trykt i 25.000 eksemplalar, heftet "Hvorfor Jesus" i 40.000 og hovudboka i 15.000 eksemplalar.

KPK

## Sei meg kva du ser!

I eit større møte i Stockholm for ei tid sidan der 2.000 menneske var, sa eg: - Sei meg kva de får sjå på TV her i Sverige, og eg skal seia dykk korleis gatene kjem til å bli. Og eg held fast på det også når det gjeld Noreg. TV- valden er ikkje berre underholdning. Det er slikt som vil speglast i vårt samfunn.

Dette sa Dr. Emaunel Minos i eit intervju med Dagen.

KPK